



# VENNEFORENINGA TIL RYFYLKEMUSEET

## Vedtekter

(Endringar vedtatt i årsmøte den ...)

### 1 FORMÅL

Venneforeininga til Ryfylkemuseet skal vera til hjelp og støtte for arbeidet ved muséet, og skal, i samarbeid med styret for muséet, arbeide for å fremje formålet til muséet.

Støtta kan ha form av økonomiske bidrag til muséet, eller ved at medlemmane deltar i dugnadsarbeid og opptrer som ambassadørar for muséet.

### 2 MEDLEMSKAP

Alle som støttar formålet til venneforeininga kan bli medlem. For å vera medlem må ein betale medlemskontingent.

Ryfylkemuseet krev inn kontingenten. ~~Den delen av kontingenten som ikkje går med til produksjon og utsending av årboka blir overført til venneforeininga.~~

Forslag: Ryfylkemuseet krev inn kontingenten. Kontingenten skal primært nyttast til produksjon og utsending av årboka.

Framvising av kvittering for betalt medlemskontingent gir gratis tilgjenge til alle ~~samlingane~~ til Ryfylkemuseet i den ordinære opningstida til museet. Alle medlemmar får årboka til muséet.

Forslag: Endre ordet «samlingane» til «anlegga», fordi det er meir tydeleg.

### 3 ÅRSMØTET

Årsmøtet er høgste styringsorganet i venneforeininga og skal haldast innan utgangen av mars kvart år.

Årsmøtet godkjenner årsmelding ~~og rekneskap, fastset kontingent og eventuell ekstrakontingent. Kontingenten skal minst ha ein storleik som dekker kostnadane med produksjon og utsending av årboka. Årsmøtet vel og styre og revisor.~~ Styret orienterer i tillegg om planar for verksemda i venneforeininga.

Forslag: Årsmøtet godkjenner årsmelding, fastset kontingent og eventuell ekstrakontingent. Årsmøtet vel styre og representantar i muséet sitt styre.

Årsrekneskapen er eit prosjektrekneskap i muséet sitt rekneskap og blir revidert i lag med årsrekneskapen til museet.

Innkalling til årsmøte skal vera kjent for medlemmane seinast 14 dagar før årsmøtet. Saker som skal opp på årsmøtet må meldast til styret ~~innan utgangen av februar~~.

Forslag: Innkalling til årsmøte skal vera kjent for medlemmane seinast 14 dagar før årsmøtet. Styret skal lage retningslinje for årsmøte som tar stilling til frist for innsending av saker, frist for innstilling frå valkomité og frist for offentleggjing av eventuelle sakspapir.

Omfram årsmøte kan haldast når styret i venneforeininga, styret i muséet eller 1/10 av medlemmane finn det nødvendig.

Styreleiaren og den daglege leiaren i Ryfylkemuseet har møte- og talerett på årsmøtet.

#### 4 STYRET

Styret har leiar og to styremedlemmar. Leiaren blir vald for eitt år om gongen og styremedlemmane for to år om gongen. Ved første val blir eitt styremedlem vald for eitt år. ~~Eitt av styremedlemmane fungerer som skrivar, det andre som kasserar.~~

Forslag: [...] Ved første val blir eitt styremedlem vald for eitt år.

Venneforeininga har ikkje eiga konto, det er Ryfylkemuseet som tar på seg oppgåva som kasserar. Styret vel skrivar, eller ber Ryfylkemuséet om å ta på seg den oppgåva.

Styret har to varamedlemmar som blir valde for eitt år om gongen.

Styret er vedtaksført når tre medlemmar har møtt opp.

Styreleiaren og den daglege leiaren i Ryfylkemuseet har møte- og talerett i styremøta.

Innkalling til møte i styret skal vera skriftleg og skje med rimeleg tidsfrist. Kopi av innkalling og referat skal sendast Ryfylkemuseet.

Ryfylkemuseet sender kopi av sakspapira til styremøta i Ryfylkemuseet til leiaren i venneforeininga.

#### 5 LOKALLAG

Medlemmar i venneforeininga kan danne lokale lag knytt til lokale samlingar eller ein kommune eller ei bygd. Andre lag kan slutte seg til venneforeininga som lokallag.

Føresetnaden for å vera lokallag er at laget sluttar seg til formålet for venneforeininga og at medlemmane betalar den kontingenten som blir fastsett.

#### 6 VEDTEKTSENDRING

Vedtektsendringar kan berre gjerast på årsmøte og krev 2/3 fleirtal. Forslag om vedtektsendringar skal sendast ut saman med innkallinga til årsmøtet.

#### 7 OPPLØYSING AV VENNEFOREININGA

Oppløysing av venneforeininga kan skje etter vedtak på to etterfølgjande årsmøte.  
Eiga til venneforeininga blir ved oppløysing overført til Ryfylkemuseet.

Forslag om tilføyning: Venneforeininga blir automatisk oppløyst viss ingen møter i årsmøte i tre år på rad.